

«Namn»
«Adresse»
«Postadresse»

Innkalling

til generalforsamling i
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Park Hotel Vossevangen/Teams onsdag 29. april 2026 kl. 17.30
Det vert servering med tapas og mingling frå kl. 16.45.
Oppkopplingsdetaljar vert sendt ut til dei som melder seg på Teams deltaking

Saksliste og utfyllande informasjon om saker til handsaming saman med påmeldingsblankett fylgjer vedlagd.

Banken si årsmelding er i samsvar med banken sine vedtekter § 3-1, 3. ledd jfr. allmennaksjelova § 5-11a ikkje sendt ut til aksjonærane. Årsmeldinga finn ein på internett på banken si heimeside www.vekselbanken.no, eller på vår aksjeticker VVL på Euronext (Oslo Børs) si internettside <https://live.euronext.com/nb/markets/oslo> . Aksjonærar som ikkje har tilgang til internett kan få tilsendt årsmelding ved å venda seg til banken.

Aksjonærar som ynskjer å delta i generalforsamlinga må seinast innan måndag 27. april 2026 gje melding til banken. Bruk vedlagde påmeldingsskjema/fullmaktsblankett. Ihht. allmennaksjelova § 1-8, samt forskrift om formidlarar omfatta av verdipapirsentrallova § 4-5 og tilhøyrande gjennomføringsforordningar vert innkalling sendt til forvaltar som vidareformidlar til aksjonærar dei held aksjar for. Aksjonærar skal kommunisere med sin forvalter som har ansvar for å formidle stemmer, fullmakt eller påmelding. Forvaltar må ihht. allmennaksjelova § 5-3 registrere dette med selskapet seinast 2 virkedagar før generalforsamlinga.

Styreleiar, Stein Kvarekvål, leiar møtet.

Banken sine vedtekter § 2-2, 3. ledd har fylgjande reglar om **maksimal eigarandel:**

"Ingen kan eiga meir enn 10% av aksjekapitalen i banken".


I tillegg har banken sine vedtekter §3-6 fylgjande reglar om **røysterett:**

"På generalforsamlinga kan ingen røysta for meir enn ein tidel av alle aksjar med røysterett eller gje fleire røyster enn ein femdel av dei røystene som er representerte på generalforsamlinga. Likt med aksjeeigarane sine eigne aksjar skal ein rekna aksjar som er eigde av personar, selskap eller andre som står i eit slikt forhold til aksjeeigaren som nemnt i finansføretakslova § 6-5.

I tillegg er røysteretten i generalforsamlinga avgrensa slik:

1 - 200 aksjar gjev ei røyst
201 - 400 aksjar gjev to røyster
401 - 800 aksjar gjev tre røyster
801 - 2 000 aksjar gjev fire røyster
Fleire enn 2 000 aksjar gjev fem røyster som er det høgste røystetal nokon kan ha."

Voss, 7. april 2026


Stein Kvarekvål
Styreleiar

Generalforsamling i

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Park Hotel Vossevangen/Teams onsdag 29. april 2026 kl. 17.30

Saksliste:

1. Registrering
2. Orientering om årsrekneskapen for 2025
3. Godkjenning av årsrekneskapen for 2025, herunder nærare opplysningar om føretaksstyring etter allmennaksjelova § 5-6, og utdeling av utbytte
4. Val i samsvar med vedtektene § 3-3
5. Fornyning av fullmakt til kjøp av egne aksjar
6. Fornyning av fullmakt til vedlikehald av ansvarleg lånekapital
7. Fastsetjing av godtgjersle for utført revisjon i 2025
8. Revidering av satsar for godtgjersle til tillitsvalde
9. Godkjenning av rapport for godtgjering til leiande personar
10. Val av ny revisor for rekneskapsåret 2026
11. Styret si erklæring om fastsetjing av løn og anna godtgjersle til leiande tilsette

Info til sak 3: Godkjenning av årsrekneskapen for 2025, herunder nærare opplysningar om føretaksstyring etter allmennaksjelova § 5-6, og utdeling av utbytte

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA føreslo ved handsaming av årsrekneskapen i styremøte 10. februar 2026 eit utbytte på NOK 18,75 pr. aksje.

Styret føreslår at generalforsamlinga fattar fylgjande vedtak:

«Årsrekneskapen og årsmeldinga for 2025 vert godkjend og overskotet nytta slik som styret gjer framlegg om. Kr 18,75 pr. aksje i utbytte vert å betala ut til dei som står registrert som aksjeeigarar i banken pr. 29. april 2026.»

Info til sak 4: Val i samsvar med vedtektene § 3-3, 1. og 2. ledd

Val av styreleiar i styret for 2 år:

På val står: Dagleg leiar Stein Kvarekvål

Valnemnda sitt framlegg:

Attval på:

Dagleg leiar Stein Kvarekvål

Val av fast medlem i styret for 2 år

På val står: Partner Hege Solbakken

Valnemnda sitt framlegg:

Attval på:

Partner Hege Solbakken

Val av 2 varamedlemer til styret for 1 år i prioritert rekkjefylgje:

På val står:

Siviløkonom Asgeir Løno og Jurist Ida Blomhoff Pedersen

Valnemnda sitt framlegg:

1. Attval på **Siviløkonom Asgeir Løno**
2. Attval på **Jurist Ida Blomhoff Pedersen**

Val av valnemnd til generalforsamlinga i 2027:

Valnemnda til generalforsamlinga i 2026 har vore:

Anders Ullestad (leiar), Egil Mørkve (medlem), Hilde Magnusson (medlem) og Ingjerd Skogseid (varamedlem).

Valnemnda sitt framlegg på ny valnemnd:

Bokhandlar **Anders Ullestad**, som leiar.

Driftssjef **Egil Mørkve**, som medlem.

Jurist **Hilde Magnusson**, som medlem.

Dr. scient **Ingjerd Skogseid**, som fast møtande varamedlem.

Info til sak 5: Fornying av fullmakt til kjøp av egne aksjar

Etter styremøte 10. mars 2026 ber styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA om at generalforsamlinga fattar fylgjande vedtak:

«Generalforsamlinga i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA fornyar hermed styret si fullmakt til å kjøpa egne aksjar i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA med pålydande inntil kr 111.025,- fordelt på 22.205 aksjar, tilsvarande 1 % av aksjekapitalen. Det lægste og høgste beløp som kan betalast for aksjane skal vera høvesvis kr 300,- og kr 600,-. Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA står fritt innanfor denne fullmakta til å kjøpa og selja aksjar på den måten styret finn best. Fullmakta er gyldig fram til neste ordinære generalforsamling.»

Info til sak 6: Fornying av fullmakt til vedlikehald av ansvarleg lånekapital

Etter styremøte 10. mars 2026 ber styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA om at generalforsamlinga fattar fylgjande vedtak:

«Generalforsamlinga i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA fornyar hermed styret si fullmakt til nyteikning, utviding av eksisterande eller innfriing og/eller tilbakekjøp av ansvarleg lånekapital og/eller fondsobligasjonar i banken. Samla beløp på ansvarleg lånekapital og fondsobligasjonar i banken vert i denne fullmakta sett til maksimum 50 % av banken sin eigenkapital, noko som pr. 31.12.2025 er 419 mill. kr. Ved eventuell fornying, utviding eller reduksjon av ansvarleg lånekapital eller fondsobligasjonar, skal ordninga om naudsynt godkjennast av Finanstilsynet. Styret i banken får fullmakt til å vedta vilkår for låna, og skal syta for at låna vert godkjend som teljande ansvarleg kapital. Fullmakta er gjeldande fram til neste ordinære generalforsamling.»

Info til sak 7: Fastsetjing av godtgjersle for utført revisjon i 2025

Honorar for revisjon for 2025 frå revisjonsselskapet RSM Norge AS vert i samsvar med framlagde rekning pålydande kr 1.168.000,- lagd fram for generalforsamlinga til endeleg godkjenning.

Info til sak 8: Revidering av satsar for godtgjersle til tillitsvalde

Framlegg om fylgjande nye satsar for godtgjering frå 1. mai 2026 vert lagd fram for godkjenning: Styreleiar – ny sats pr. år kr 262.500. Nestleiar i styret – ny sats pr. år kr 152.250. Styremedlem – ny sats pr. år kr 120.750. Varamedlem til styret – ny sats pr. år kr 120.750. Valnemnda kr 2.900 pr. møte pr. deltakar.

Info til sak 9: Godkjenning av rapport for godtgjering til leiande personar

Det er krav om retningslinjer og rapportering om godtgjering til leiande tilsette i børsnoterte føretak. Hovudføremålet med reguleringa er å skape openheit om lønspolitikken, skape betre

samanheng mellom leiinga si godtgjering og selskapet sine resultat, og leggje til rette for auka langsiktig engasjement frå aksjeeigarane i noterte selskap.

Som fylgje av reglane skal selskapa utarbeida to sjølvstendige dokument:

- Retningslinjer for leiarløn og
- godtgjeringsrapport som gjev ei samla oversikt over utbetalt og inneståande (til gode) løn og godtgjering som vert omfatta av retningslinjene.

Både dokument skal vera offentleg tilgjengeleg på banken si nettside.

Retningslinjer vart vedtekne på generalforsamlinga 29. april 2025.

Vedlagd er rapport i tråd med vedtekne retningslinjer, samt krava som fylgjer av allmennaksjelova § 6-16 b og forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjering for leiande personar.

Styret handsama rapporten i styremøte 10. mars 2026, og styret ber om at generalforsamlinga fattar fylgjande vedtak:

«Generalforsamlinga i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA godkjende framlagde rapport for godtgjering til leiande personar.»

Info til sak 10: Val av ny revisor for rekneskapsåret 2026

Styret foreslår at BDO AS, org.nr. 993 606 650, vert vald som selskapet sin nye revisor. Dette er basert på innstilling frå Risiko- og revisjonsutvalet i banken, og der det var henta inn og vurdert tilbud frå fem ulike revisjonsselskap. Innstillinga er gjort etter ei samla vurdering av tilbydarane sin kompetanse, kapasitet, erfaring med bankar/ finansføretak, meirverdi utover lovpålagd revisjon, bruk av teknologi, pris og føreseieleg total kostnad.

Revisjonsoppdraget gjeld frå og med rekneskapsåret 2026.

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA ber om at generalforsamlinga fattar fylgjande vedtak:

«Generalforsamlinga i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA vedtek å velja BDO AS, org.nr. 993 606 650, som selskapet sin nye revisor frå og med rekneskapsåret 2026. Noverande revisor RSM Norge AS ferdigstiller skattemelding for 2025 og eventuelt attesterer på ICAAP/ILAAP for 2026.»

Info til sak 11: Styret si erklæring om fastsetjing av løn og anna godtgjersle til leiande tilsette

Rapport om praktisering av godtgjeringsordning i Vekselbanken, vedteke i banken sitt styre 10. mars 2026 (sjå årsmeldinga side 72 og 73), vert lagd fram for generalforsamlinga til handsaming og godkjenning.

Vedlegg til sak 9:

Rapport om løn og anna godtgjering til leiande personar - rekneskapsåret 2025

Om rapporten

Rapporten gir ei samla oversikt over utbetalt og innestående løn og godtgjering som er omfatta av Voss Veksel- og Landmandsbank ASA (heretter omtala: «Banken») sine retningslinjer for fastsetjing av godtgjering til leiande personar, jf. allmennaksjelova § 6-16 b og forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjering for leiande personar. Retningslinjer for fastsetjing av godtgjering til leiande personar vart vedteken av generalforsamlinga 29. april 2025.

Løn og andre godtgjeringsordningar til leiande personar i Banken

Banken sine godtgjeringsordningar til leiande personar i rekneskapsåret 2025 har vore i samsvar med Banken sine retningslinjer om fastsetjing av løn og anna godtgjering til leiande personar.

Samla godtgjering leiande personar har teke i mot for rekneskapsåret 2025 går fram av tabell 1. Tabell 2 syner endring i godtgjering, økonomiske resultat og gjennomsnittleg løn i banken sine siste fem rekneskapsår. Banken har ikkje utferdta opsjonar eller andre former for godtgjering knytt til aksjar.

Tabell 1: Godtgjeringar utbetalt og innestående for leiande personar i Banken. Rekneskapsåret 2025. Tal oppgitt i tusen kroner.

Rolle	Namn	Fastløn	Bonus*	Pensjonskostnad	Etterlønnsordning	Naturalyttingar	Bilgodtgjersle	Fast honorar	Møtegodtgjersle	Samla godtgjering 2025
Adm. banksjef	Stig Gunnar Røthe	kr 2.386	kr 50	kr 747	**	kr 15	kr 135			kr 3.332
Økonomsjef	Bård Gjerde	kr 1.014	kr 50	kr 92		kr 14	kr -			kr 1.170
Styreleiar	Stein Kvarekvål							kr 240		kr 240
Nestleiar i styret	Marita Østrem							kr 136		kr 136
Styremedlem	Gunvald Medhus							kr 113		kr 113
Styremedlem	Hege Åse Solbakken							kr 113		kr 113
Styremedlem	Solfrid Dagestad Midttun							kr 113		kr 113
Varamedlem styret	Asgeir Løno							kr 77		kr 77
Varamedlem styret	Ida Blomhoff Pedersen							kr 77		kr 77
Varamedlem styret	Borgny Elin Aase Bryn							kr 113		kr 113
Medlem valnemnd	Anders Ullestad								kr 16	kr 16
Medlem valnemnd	Egil Mørkve								kr 16	kr 16
Medlem valnemnd	Hilde Magnusson								kr 16	kr 16
Varamedlem valnemnd	Ingjerd Skogseid								kr 16	kr 16

*) Generell ordning for overskotsdeling som omfattar alle tilsette i banken. Banken har ikkje ordningar for variabel godtgjering eller individuell bonus til leiande personar.

**) Adm. banksjef har plikt til å fråtre stillinga ved fylte 65 år. Det er 6 mnd. gjensidig oppseiingstid. Banksjef har innskotsbasert pensjonsordning på lik linje med dei andre tilsette i banken. Det er gjort avtale om kompensasjon for tidleg pensjonering. Dersom styret ber banksjef om å fråtre, har banksjefen rett på etterløn i 18 mnd. frå det tidspunktet han fråtrer.

Tabell 2: Endringar i godtgjering, resultat og gjennomsnittleg løn i Banken sine siste fem rekneskapsår. Tal oppgitt i tusen kroner.

Arleg endring	2025 2024 vs 2025	2024 2023 vs 2024	2023 2022 vs 2023	2022 2021 vs 2022	2021 2020 vs 2021
Samla godtgjering leiande tilsette. Nivå for det enkelte år og prosentvis endring frå året før.					
Stig Gunnar Røthe	kr 3.332	kr 2.735	kr 2.544	kr 2.293	kr 2.153
Adm.banksjef	21,8 %	7,5 %	10,9 %	6,5 %	0,9 %
Bård Gjerde	kr 1.170	kr 1.145	kr 1.145	kr 1.040	kr 1.004
Økonomisjef	2,2 %	0,0 %	10,1 %	3,6 %	9,5 %
Styreleiar	kr 240	kr 217	kr 197	kr 170	kr 163
%-endring pr år	10,7 %	10,2 %	15,9 %	4,3 %	8,7 %
Nestleiar i styret	kr 136	kr 134	kr 124	kr 110	kr 106
%-endring pr år	1,0 %	8,3 %	12,7 %	3,8 %	6,0 %
Styremedlem	kr 113	kr 109	kr 98	kr 85	kr 83
%-endring pr år	4,5 %	10,7 %	15,3 %	2,4 %	3,8 %
Varamedlem styret	kr 77	kr 109	kr 85	kr 45	kr 43
%-endring pr år	-29,3 %	27,6 %	88,9 %	4,7 %	7,5 %
Medlem valnemnd pr. møte	kr 2,75	kr 2,63	kr 2,50	kr 1,60	kr 1,60
%-endring pr år	4,8 %	5,0 %	56,3 %	0,0 %	6,7 %
Banken sine finansielle resultat. Nivå for det enkelte år og prosentvis endring frå året før.					
Resultat etter skatt	kr 89.308	kr 90.785	kr 77.653	kr 54.195	kr 44.601
%-endring pr år	-1,6 %	16,9 %	43,3 %	21,5 %	34,1 %
Eigenkapitalavkastning	11,1 %	12,3 %	11,3 %	8,7 %	7,6 %
Gjennomsnittleg godtgjering alle tilsette. Nivå for det enkelte år og prosentvis endring frå året før.*					
Alle tilsette i banken	kr 1.139	kr 1.037	kr 963	kr 860	kr 807
%-endring pr år	9,9 %	7,6 %	12,1 %	6,6 %	8,3 %

*) Unnateke leiande personar

Retningslinjene om fastsetjing av løn og anna godtgjering til leiande personar har som føremål å bidra til Bankens sin forretningsstrategi, langsiktige interesser og økonomiske berevne. Styret vurderer at verksemda til banken i 2025 har vore i tråd med bankens sin strategi og langsiktige interesser, og at bankens sin finansielle stilling er god. Styret vurderer ikkje at det er behov for å gjera endringar i retningslinjene.

Prosess for utarbeiding, vedtak og offentleggjering

Rapporten er utarbeida og førebudd av Bankens sitt godtgjeringsutval med bistand frå Bankens sin uavhengige kontrollfunksjon. Rapporten er vedteken som styret sitt framlegg til generalforsamlinga i styremøte den 10. mars 2026.

Styret har i samsvar med allmennaksjelova §6-16b teke omsyn til den rådgjevande avstemminga i generalforsamlinga 29. april 2025 sak 9, og der generalforsamlinga i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA samrøystes godkjende den framlagde rapporten for godtgjering til leiande personar for 2024. Ekstern revisor RSM har i erklæring datert 10. mars 2026 stadfesta at rapporten inneheld dei opplysningar det vert stilt krav om gjennom lov og forskrift.

Rapporten vert utan opphald offentleggjort på Bankens si nettside etter at generalforsamlinga er avhalden og generalforsamlinga har halde ei rådgjevande avstemming over rapporten. Rapporten skal vera tilgjengeleg i ein periode på ti år.


Voss, 10. mars 2026


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


Stein Kvarekvål
Styreleiar


Marita Østrem
Nestleiar


Gunvill Medhus


Hege Solbakken


Solfrid Dagestad Midttun